

# Månugánda ja Heike

"Månegutten og Heike"

Forfattar: Signe Iversen (Noreg)

Illustratør: Sissel Horndal (Noreg)

Forlag: Iðut, 2011

Nominert til Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris i 2013

Handling: Heiki bur aleine med foreldra sine langt frå venner. Ein dag høyrer han eit dunk utanfor vindaugget og ser noko ligge på bakken. Han går ut for å sjå kva det er, og det viser seg å vere ein månegut. Heiki hjelper guten, og dei leikar saman, men måneguten saknar familien sin.

Tema: saknad, einsemd, vennskap



## Samtale og aktiviteter:

### TITTE-LESE med de aller yngste

Sjå på bileta saman med ditt barn. Kven av dei på framsida er måneguten og kven er Heiki? Bla gjennom boka, korleis er dei like og korleis er dei ulike? Sjå ut: korleis ser månen ut i dag? Kan du teikne månen?

### LITEN

1. Sjå på omslaget, korleis trur du Heiki og måneguten har det? Kvifor trur du det?
2. Heiki leikar mykje aleine. Kan du sjå kva han leikar med når han er aleine? Trur du Heiki saknar å ha venner?
3. Kva ville du vist måneguten viss han hadde landa heime hos deg? Teikn ei teikning av det du vil vise han.
4. Korleis trur du det er å bu i det blå huset?

### MELLOM

1. Korleis ser du for deg at eit måneskip ser ut? Teikn ditt eige måneskip.
2. På eit av bileta i boka er ein flaskepost. Skriv eit flaskepostbrev til måneguten Ankor.

3. Når trur du Heiki kjenner seg einsam? Kjenner du deg einsam av og til? Kva kan ein gjere for å kjenne seg mindre einsam? Diskuter i par.

4. Korleis trur du familien til måneguten ser ut? Teikn portrett av dei og skriv kort om dei ulike familiemedlemmane.

### STOR

1. Kva synest du om boka? Kva likte du ikkje? Var det noko som var vanskeleg å forstå? Kan du sjå mønster og likskapar med andre historiar?
2. Sjå på dei to tekstlause oppslaga i boka. Kva kjensle formidlar bileta?
3. Måneguten saknar foreldra sine, og Heiki saknar venner og far. Saknar du nokon?
4. Lag ein teikneserie om Heiki som reiser til måneguten. Korleis trur du det ser ut der måneguten bur, og korleis vil det vere for Heiki å vere på månen? Finn ut kva menneske treng for å kunne vere på månen.
5. Kva kan Heiki og måneguten lære av kvarandre? Eller kva kunne du og ein månegut lært av kvarandre? Diskuter i par. Vem eller vad var du innan? Och vad eller vem vill du vara sen? Skriv!

LES OGSÅ:

Ud af det blå av Rebecca Bach-Lauritsen og Anna Margrethe Kjærgaard

Oliver av Birgitta Sif

SPRÅKHJØRNET

## "Einsemd"

svensk	dansk	norsk	islandsk	færøysk	grønlandsk	finsk	nordsamisk
Ensamhet	Ensomhed	Einsemd	Einmanaleiki	Einsemi	Kiserliorneq	Yksinäisyys	Oktonasvuhta



Tagg bilder av leseopplevelser med [#nordiskabokslukaren!](#)